




DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden sokneråd



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Årsmelding 2015



Babysong i Blomvåg kyrkje
Foto: Kari Sandøy Rong

“Me skal ha blikka vendt mot Gud. I alt me gjer ynskjer me eit fokus oppover”, skriv sokneprest Espen Sigve Tveten i sin årsrapport.

2-6

Årsrapportar frå sokneråd, fellesråd og soknepresten

7-9

Årsrapportar frå kyrkjelydspedagog, kantor og diakonimedarbeidar

10-11

Kommunikasjonskanalar, temasaker og samarbeid

12

Tal (statistikkar) og satsingsområde

Årsmeldinga gir eit innblikk i arbeidet til Den norske kyrkja i Øygarden samt omtale av samarbeidet med andre som driv kristent arbeid i og utanfor Øygarden. Årsmeldinga seier noko om hovudtrekka og er sjølvstøtt ikkje uttømmende for alle detaljar.

Redaktør/layout: Olav Martin Vik - Telefon: 56382240 - E-post: kyrkjevevje@kyrkja.net ©Foto og tekst
Korrektur: Anne-Kari Vik



Trusopplæring



Diakoni



Gudstenesteliv



Kyrkjemusikk

Soknerådet sin årsrapport

“Soknerådet skal ha si merksemd mot alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt”, står det i Kyrjelova § 9.

Soknerådet har hatt 7 møte med 48 saker som m.a. omhandla kyrkjevalet, kyrkjelydsutvikling NaMu, misjonsavtalar, økonomi og budsjett, tilhøvet til Skjærgårdsheimen, trusopplæringsarbeid og prioritering av tiltak. Soknerådet har fokus på framtida.

Guds ord er rikeleg forkynt i 2015.

Arbeidet i soknet

Me møter mange menneske gjennom vårt arbeid. Nye møteplassar gjer at kyrkja møter fleire menneske, m.a. gjennom babysong og småbarnssong. Soknerådet har fokus på misjon og det vart i 2015 inngått misjonsavtalar med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger om arbeid i Thailand. Kyrkjelydane skal samla inn til saman kr 60 000 årleg til arbeidet i Thailand. Avtalane har andre punkt som omhandlar gjensidig aktivitet.

Gudstenestelivet

Gudstenestene er sentrale i kyrkja sitt arbeid og anna arbeid skal ha sitt utspring frå gudstenestelivet. Det er ein nedgang i deltaking i høve til 2014. Det er ikkje lett å peika på konkrete grunnar til variasjonane frå år til år. Frammøte varierer frå gudsteneste til gudsteneste og frå år til år.

Dåp

Dei aller fleste borna som vert født i Øygarden vert døypt. Ein vektlegg god kommunikasjon med dåpsforeldra. Presten gjennomfører ein trus- og dåpssamtale før dåpen der det mellom anna vert peika på tilbod til born og foreldre, i kristen regi.

Kyrkjelydsbygging

Kyrkjelydsbygging (Naturlig Menighetsutvikling) har fokus på å auka gudstenestedeltakinga ved å fjerna hindringar som hindrar vekst. Ommund Rolfsen er rettleiar i arbeidet. Det er eit eige utval som arbeider med dette og det er også tema i soknerådet og andre samanhengar i regi av kyrkja.

Folketal og kyrkjemedlemer i Øygarden - 2015

Innbyggjarar	4733
Kyrkjemedlemer	4015
-av desse 0-18 år	984

og unge mellom 0-18 år målretta og systematisk. Leirarbeidet er viktig i trusopplæringa.

Nye tiltak

K2 og Babysong var nye tiltak i 2014. 2015 starta ein opp med med K2pp, eit opplegg for ungdom etter K2.

Hausten 2015 starta ein opp med småbarnssong, eit tiltak for born i alderen 1-3 år. Ansvarleg er Kari Sandøy Ron. Tiltaket er populært. Frivillige starta opp med søndagsskule under gudstenestene i Blomvåg kyrkje. Mange born deltek på denne søndagsskulen.



Gospel teens i Blomvåg kyrkje

Visjonskveld

Visjonskvelden i Blomvåg kyrkje handla dette året om misjon, med besøk av Kjartan Sørheim frå IMI-kyrkja som soknet har misjonsavtale med. Det var ein fin kveld. med ca. 30 deltakarar, der misjon og sosialt samvær kom sterkt til uttrykk.

Medarbeidarsamling

I juni var det medarbeidarsamling på Kystmuseet, med 40 deltakarar. Tilbakemeldingane frå denne samlinga var gode. Helge Nilsen deltok med foredrag. Det er viktig å inspirera frivillige i arbeidet og skapa gode relasjonar mellom alle arbeidslag.

38 frivillige gudsteneste-medarbeidarar

Frivillige medarbeidarar

Våre frivillige medarbeidarar er mange og stiller trufast opp på gudstenestene, eldretreff, leirar, kor og i andre samanhengar. I Hjelme kyrkje og Blomvåg kyrkje tek frivillige ansvar for søndagsskulen under gudstenestene.

Kyrkjevalet

Det var kyrkjeval i 2015 med røystestadar tilsvarende kommunevalet. Både sokneråd og nominasjonskomite stod på for finna kandidatar til valet og organisera sjølve valet. Eit stort korps av frivillige medarbeidarar gjorde ein flott jobb på røystedagen. Takk til alle!



Konfirmantane

og andre sprang inn kr 98 000 til misjonsprosjektet i Thailand. Misjonsløp er ein effektiv innsamlingsmåte. Det er flott at konfirmantane og mange sponsorar stiller opp, slik dei gjer.

Integrering

Anne Lise Grøm, Janesh Ameyna og Bjørg Blom frå staben deltek fast på Språksprell, eit tiltak for menneske som skal integrerast i Noreg. Språksprell er på Toftøy skule. Soknerådet samtalar også om korleis kyrkja meir kan engasjere seg i dette arbeidet.

Færre på gudstenestene i 2015. Fleire nattverdsdeltakarar.

Gudstenestedeltaking, nattverdsdeltaking, innmeldte og utmeldte 2010-2015						
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Deltaking	7048	7318	8099	8963	9394	8109
Nattverd	1539	1507	1798	2195	1473	2280
<i>Talet på nattverdsgjestar er inkludert i talet på deltaking</i>						
Innmelde	1	2	1	2	5	0
Utmelde	5	4	4	0	6	11

Offer

Soknerådet har fokus på at offer i kyrkjene skal vera målretta mot organisasjonar som driv evangelisk arbeid og humanitært arbeid i kristen regi. Det kom inn kr 178 554 mot 175 419 i 2014, i offer til organisasjonane. I tillegg kjem misjonsløpet. Det er ein auke i offer til eige arbeid på kr 10 500 frå 2014 til 2015. Totalt kom det inn i 2015 kr 80 000 i offer til eige arbeid.

Givarteneste

Det meste av offer til eige arbeid og givartenesta går til å halda oppe ordninga med ungdomsteam. I 2015/2016 er det fem i teamet, noko som gjer at ordninga kostar meir enn før. I 2015 var det 39 personar som har gitt pengegaver utanom offer. Ein del av desse gir fast. Det skulle vore fleire som gav fast. I 2015 kom det inn nokre store enkeltgaver. Desse gåvene har stor innverknad på gavebeløpet, kr 195 000. Av dette vert kr 105 000 rekna som fast givarteneste.


Eldretreff

er eit viktig diakonalt arbeid. Takk til dei frivillige som arrangerer eldretreffa. Dei er uthaldande i arbeidet. Diakonimedarbeidar Bjørg Blom er aktivt med på eldretreffa og eldreturen.

Takk

Soknerådet takkar alle som deltok i 2015, anten som deltakar, frivillig medarbeidar eller løna medarbeidar. Takk til alle som gir til arbeidet.

Fødde og døypte i Øygarden 2009-2015



Merknader til tala

- Born født seint på året vert døypt året etter. Det kan og vera tilflytta born som vert døypt.
- Nokre få born frå sokn utanfor Øygarden vert døypt i Øygarden, dei er med i tala.

REKNESKAPSTAL FOR ØYGARDEN SOKNERÅD

2014 - 2015 *Misjonsløpet er ikkje med i desse tala.*

INNTEKTER	2014	2015
- OFFER TIL ORGANISASJONAR	175 419	178 554
- OFFER TIL EIGE ARBEID	69 521	80 000
- GIVARTENESTE FAST	79 850	105 000
- ANDRE GÅVER UTANOM OFFER	21 580	90 000
- GÅVE FRÅ SPAREBANKEN VEST	30 000	
UTGIFTER		
- TILSKOT TIL LEIRARBEID OG TEAM	90 000	250 000
- TILSKOT TIL ARRANGEMENT		4 000
- REKNESKAP OG REVISJON		4 550
- MATERIELL OG UTSTYR	66 000	11 960
2015: KJØP/SUPPLERING AV FLEIRE SALMEBØKER TIL KYRKJENE		
- PROSESJONSKORS	16 400	
- TILSKOT TIL ARRANGEMENT	27 500	
- AVREGNING NATTSAFE		5 419


Arbeidet framover

- Guds ord skal forkynnast rikeleg
- Trusopplæringsplanen skal fastast inn i arbeidet frå hausten 2016
- Vidareføring av arbeidet med kyrkjelydsbygging (NaMu)
- Fleire frivillige medarbeidarar, særleg i gudstenestesamanheng
- Auka talet på faste givarar
- Misjon
- Integreringsarbeid
- Fasteaksjonen frå 2017

Gå difor ut

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matteus 28.19.

Øygarden sokneråd



Nytt sokneråd etter kyrkjevalet i 2015 - folkevalde representantar


Øverst: Erling Vik, leiar. Råmund Skjold, Øyvind Solsvik, Tormod Magnesen. Under: Eilert Hellesøy, Gisle Kårbø Rong, Ingrid Marie Blom Bonifacio, 1. varamedlem og Bjørg Fjeldstad, 1. varamedlem. Sokneprest Espen Sigve Tveten er fast medlem. Øvrige vara: Therese Dale, Astrid Nautnes Rustad, Jakob Blom, Arild Nordvik, Åse-May Solsvik Blom, Monica Breivik, Øystein Vik og Thorleif Birger Hellesøy.

Fellesrådet er soknerådet med tillegg for kommunen sin representant. I perioden 2015-2018 er dette Inger Helene Dalen (TVØ) og varamedlem er Remi Oen (FrP). Takk til Trygve Johannes Hellesøy som var kommunen sin representant fram til 2011.

Takk til tidlegare vararepresentantar i soknerådet

Ingebjørg Martinussen, Andreas Kårbø, Turid Toft Amenya, Trygve Johannes Hellesøy, Unni Olafsen Bekkenes, Ingvild S.S. Myhre, Ole Andreas Wastvedt, Margit Sæle Jørgensen og Eli Karin Helle.

Offer i kyrkjene og fast givarteneste 2012-2015



Fellesrådet sin årsrapport

Fellesrådet sitt oppdrag

Fellesrådet sitt ansvar omfattar administrative og økonomiske oppgaver samt tilhøvet til kommunen. Fellesrådet har og eit overordna ansvar for mål og planar for kyrkja lokalt. Kommunen er representert i fellesrådet.

Personale

6,10 årsverk i faste stillingar. I tillegg kjem teamet som i 2015 utgjør 70 % stilling. Staben har kompetanse på alle viktige område. Staben har stabsmøte kvar veke og deltek på medarbeidersamlingar i prostiet. Kantorstillinga er redusert med 20 % AFP-pensjon. Diakonimedarbeidarstillinga er auka frå 40 til 50 %. Fleire av medarbeidarane har i 2015 vore på kurs, mellom anna i Babysong og HMT.

Leing

Det er kyrkjeverje som er dagleg leiar for fellesrådet sitt virkeområde.

HMT (helse, miljø, tryggleik)

Registrert sjukefråvær var under 2 % i 2015. Det er fokus på nærversarbeid og eit godt arbeidsmiljø. Nytt HMT-system vart innført i 2015 og det er eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta.

Miljø

Det er ikkje registrert forureining frå kyrkjelege anlegg.

Økonomi

Rekneskapet viser eit meirforbruk på kr 92.137,08. Lønnskostnader er på budsjett. Administrasjonen og fellesrådet følgjer økonomisituasjonen nøye. Dersom framtidig drift ikkje balanserer, må tiltak setjast i verk. Sjå tabellane side 5 for utgifter og inntekter.

Trusopplæringsmidlar

som kjem frå Kyrkjerådet utgjør ein stor andel av inntekta til sjølve trusopplæringa.

Planar

I 2015 er ressursane brukt til å utvikle ein ny trusopplæringsplan. Den skal godkjennast av biskopen i 2016 og leggast til grunn for trusopplæringsarbeidet utover hausten.

Kyrkjene

Kyrkjene eldast og ein ser heile tida små detaljar som skulle vore vølt. Det er gjennomført eigenkontroll på elektriske anlegg i 2015 og anlegga i Hjelme og Blomvåg kyrkjer måtte utbetrast.

Etter dei siste stormane er taka også påført skade.

Orgelet i Hjelme vart overhala i 2015.

To varmepumper i Blomvåg kyrkje braut saman og begge måtte skiftast. Den eine er skifta ut i 2015, den andre i 2016.

Fellesrådet har ein dialog med Øygarden kommune om rehabilitering av Hjelme gamle kyrkje. Blomvåg kyrkje er tildelt vedlikehaldsmidlar i 2016.

Kyrkjegardar

Kyrkjegardane vert haldne i hevd innanfor dei rammer som fellesrådet rår over økonomisk. Det er gjennomført elektrisk arbeid på klokkeanlegget på Blomvåg nye kyrkjegard. Hjort er eit stort problem på Hjelme kyrkjegard. Gjerde vert vurdert for å hindra at hjorten øydelegg pynt på gravene.

Utstyr på anlegga

Det er stor slitasje på utstyret, t.d. plenetraktorar. Det vart kjøpt inn ny plenetraktor til Hjelme kyrkjegard. Det er også utført større reparasjonsarbeid på tyngre maskiner. Heile vogna til traktoren i Blomvåg braut saman i 2015.

Kyrkjekontoret

Kommunen betalar husleige. Det vart investert i nytt telefonsystem i 2015. Kommunen dekkar ikkje denne kostnaden. Fellesrådet planla innkjøpet i 2014 med inndekking frå fond.

Gravferd

Det var 53 jordpåkastingar i 2015 med nær 5300 deltakarar. Det vert vektlagt at gravferdsremoniar går utan avvik slik at seremonien vert opplevd som verdig og god.

Hjelme kyrkje

-I 2015 er det gjort utbetringar på det elektrisk anlegget.
-Taket måtte sjåast over etter uvér.
-Skiferen er utslitt.



Blomvåg kyrkje

-I 2015 er det gjort utbetringar på det elektrisk anlegget.
-Noko av søre vegg måtte overhalast og malast.
-Ny varmpumpe
-Reparasjon av taket



Kyrkjegardane

er haldne i hevd.
-I 2015 var det kjøpt ny plenetraktor til Hjelme.
-Utfordring med hjort på kyrkjegarden i Hjelme.



Risiko og sårbarheit

I 2015 er det gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse av mange aktivitetar i regi av kyrkja. Det er for å unngå ulykke og i verste fall død, for både tilsette, frivillige og publikum. Arbeidet vert følgd opp i 2016.

Framover

- Vedlikehald på Blomvåg kyrkje
- Kjøp av ny plenetraktor til Blomvåg kyrkjegardar
- Ha dialog med kommunen om rehabilitering av Hjelme gamle kyrkje
- Ferdigstilla brannvernrutinar for kyrkjene
- Innfasing av nytt HMT-system
- Innfasing av ny trusopplæringsplan
- Dialog med fellesråda i Fjell og Sund om kommunereforma
- Vurdera innkjøp av nytt IKT-system for kyrkjelege sektor

PERSONALET

Det er 7 fast tilsette. Dette utgjør 6,10 årsverk.
Kontorleiar og kantor har 80 % stilling.
Diankonimedarbeidar har 50 % stilling.
Dei andre stillingane er 100 %.
Teamet utgjør lønsmessig 70 % stilling



Tilsette hos arbeidsgivar Øygarden kyrkjelege fellesråd:

f.v. diakonimedarbeidar Bjørg Blom, kyrkjetenar Kåre Kristoffersen, kyrkjetenar Janesh Amenya, kantor Anne Lise Grøm, kontorleiar Kari Sandøy Rong, kyrkjelydspedagog Hogne Berland, kyrkjevevjer/dagleg leiar Olav Martin Vik.

Leiersamlingar og prostisamlingar

Det er jamnleg leiersamlingar i Vesthordland prosti der kyrkjevevjer og prost deltek.

Det er minst to årlege fagsamlingar for alle tilsette i Vesthordland prosti. Hausten 2015 var samlinga lagt til Blomvåg kyrkje med tema om psykisk helse og kristen tru.




Hjelme gamle kyrkje

Hjelme gamle kyrkje treng eit omfattande vedlikehald. Det er ein dialog mellom fellesrådet og kommunen om dette. Signala frå kommunen er positive og vedlikehaldsbehovet er omtala i budsjettet for 2014. Fellesrådet har følgd opp dialogen i 2015, noko som også vil skje i 2016.



Espen Sigve Tveten er sokneprest i Øygarden.

Soknepresten er aktivt med i konfirmantarbeidet, K2 og K2pp og arbeidet med ny trusopplæringsplan. Han er også mentor for teamet.



Orgelet i Hjelme

vart overhala i 2015. Kostnad: 60 000 kr var finansiert i 2014 av kommunen.

Helge Unneland

er prostiprest og er ofte i Øygarden i gudstenester og gravferder.



Teamet 2015/2016

- Øystein Skarding, Os
 - Mildrid Brekke, Bergen
 - Lovise Kristoffersen, Finnsnes
 - Martin Jonas Nakken, Øygarden
 - Tor André Rossnes, Øygarden
- Teamet bur i Øygarden.

Viktige møter

I løpet av eit år møter kyrkja sine tilsette saman med alle frivillige medarbeidarar, mange menneske. Kwart møte er unikt.

Slik er tala for 2015

På gudstenester	8109
I gravferder	5300
Ved vigsel	1100
Born og ungdom	6500
Arbeid retta mot vaksne	950
Dåps- trusopplæringsamtalar	105
Andre møte	250
Sum møte avrunda	22 300

Dette er talet på møte mellom enkeltmenneske og tilsette og frivillige medarbeidarar. I tillegg kjem samtalar med pårørande, bæreandakt og alle besøk ut i kristne lag- og organisasjonar i Øygarden.

Ikkje budsjettert større utgifter i 2015

Utstyr til Blomvåg kyrkje, søndagsskule	24 000
Elektrisk arbeid i Hjelme kyrkje	21 000
Elektrisk arbeid i Blomvåg kyrkje	22 000
Naudsynte reparasjonar på kyrkjene	67 000
Ny varmpumpe til Blomvåg kyrkje	30 000
Sum ekstraordinære kostnader	164 000

Tiltak finansiert av fond (først over drift) 2015

Nytt telefonsystem til kyrkjekontoret	28 952
Ny plenraktor til Hjelme	31 000
Sum eigenfinansiert	59 952

Øygarden kyrkjelege fellesråd 2015

Totale utgifter kr 6 448 089
Totale inntekter kr 6 517 684
Netto meirforbruk kr 92 137
• 70 % av utgiftene kan reknast som utadretta verksemd.
• Med atterhald om mindre avvik ved revisjon.

Øygarden kyrkjelege fellesråd – nøkkeltal frå rekneskapen (R) 2013-2015, (B) budsjett 2015 og 2016

INNTEKTER	R 2013	R 2014	R 2015	B 2015	B 2016
Overføring frå kommunen	4 710	4 496	4 606	4 606	5 064
Trusopplæringsmidlar	0	431	597	550	570
Betaling for gravferd	55	63	31	40	35
Betaling for leirar	150	144	230	156	170
Festeavgifter	54	57	46	80	50
Renteinntekter	53	52	33	40	50
Overføring frå soknerådet	150	126	263	150	250
ØyNytt - annonseinntekter	30	43	46	46	46
ØyNytt - kontingent	81	85	80	71	90

Øygarden kyrkjelege fellesråd – nøkkeltal frå rekneskapen (R) 2013-2015, budsjett (B) 2015 og budsjett 2016

UTGIFTER	R 2013	R 2014	R 2015	B 2015	B 2016
Fastløn, vikarar, helgetillegg m.m.	2 348	2 698	3 020	2 889	3 108
Arbeidsgivaravgift	377	429	487	452	519
Pensjon	351	493	371	468	620
Kjøp av varer og tenester	1 837	1 911	1 601	1 640	1 817
- Av dette ungdomskonsulent	406	240	0	0	0
- Av dette teamet	307	349	410	460	410

VIKARAR I 2015

- Organistvikarar
- John Solsvik
 - Natalia Medvedeva
 - Odd Normann Thormodsæter
 - Ann Jorunn Hopen

- Sommarvikarar på kyrkjegardane
- Christopher Amenya
 - Lydia Sandøy Rong

Takk

Mange takk til Odd Normann Thormodsæter som har stilt opp som vikarorganist i perioden 2011-2015. No har han bede om fritak frå denne oppgåva.



Ny kyrkjegard i Hjelme

Den nye kyrkjegarden vert teken i bruk våren 2016. Entreprenøren skal først måla opp gravfelta. Felta vert så lagt inn elektronisk i kyrkjekontoret sitt kyrkjegardssystem.



Soknepresten sin årsrapport

«Trufast er han som kallar dykk til dette. Han skal òg fullføra det.» (1. Tess 5,24).

Det er noko stort i å tilhøyra kyrkjelyden. Me kan både vere jordnære og himmelvende.

ved sokneprest Espen Sigve Tveten

«Trufast er han som kallar dykk til dette. Han skal òg fullføra det.» (1. Tess 5,24). Det er noko stort i å tilhøyra kyrkjelyden. Kyrkjelyden er alminnelige menneske som lever alminnelige liv. Men samstundes med at me kan vera jordnære, skal me og vera himmelvende. Det er Jesus som er kyrkjens Herre, og me er ein del av Guds kyrkjelyd. Det er Gud som kallar oss til fellesskap, han skal leia både oss og arbeidet.

Me ser attende på eit år med mykje aktivitet. Vår oppgåve er å vekkja og næra det kristelege livet i soknet. Det er lagt ned mykje innsats både av råd, frivillige og stab for å sjå dette skje.

Ut-fokus

Kyrkja i Øygarden har eit fokus utover seg sjølve. I 2015 teikna me misjonsavtalar omkring misjonsarbeid i Thailand, i regi av IMI-kyrkja i Stavanger og Det norske misjonsselskap. Kyrkjelyden er forplikta til å samla inn 60000,- til desse prosjekta årleg. Thailand har fått fokus på gudstenester og på ulike arrangement. Konfirmantane deltok i eit misjonsløp og samla inn mykje pengar.



Frå Hjelme kyrkje, underskriving av misjonsavtalar

Me vil og støtta konkret nødhjelp. Difor ynskjer me og slutta opp om Kirkens nødhjelps fasteaksjon. Mykje av kollektinntektene gjekk til arbeid utanfor landets grenser. I framtida håpar eg å sjå at pengane me treng til eige arbeid, vert samla meir inn gjennom fast gjevar-

teneste, slik at kollektane kan kome andre til gode i enda større grad. Ungdomsteamet har sin base på kyrkjekontoret, men er og ein viktig ressurs ut i mykje av det kristelege arbeidet som finn stad i Øygarden. Samarbeidet med NLM om ungdomsteamet er god. Me er og glad for at kommunen ser at teamet er viktig.

Inn-fokus

Me ynskjer å laga til gode møteplassar for ulike menneske i ulike aldrar. I 2015 vart det arrangert ulike typar gudstenester. Ein gudsteneste vert og halde i Sotra Forum i samarbeid med Fjell kyrkjelyd og MOT. Samla sett gjekk tala ned i gudstenesteframmøte i 2015, men er likevel det tredje høgaste me har registrert. Nattverd-deltakinga gjekk noko opp, det same gjorde kollektane.

Trusopplæringa er i mine auge god i Øygarden. Det vert invitert inn til gode tiltak. For dei yngste er det gledeleg at nye tiltak som babysong, småbarnssong og søndagsskule i Blomvåg kyrkje er starta opp. Konfirmantopplegget får gode tilbakemeldingar frå både konfirmantar og foreldre. Tida etter konfirmasjonen er viktig for at trua skal festa seg. Difor er tiltaka K2 og K2pp (uttalast K-topp) heilt sentrale i vårt arbeid.

Eg vil slå eit slag for å delta i eit mindre fellesskap, ei bibelgruppe eller eit husfelleskap. Det finst nokre slike allereie, men eg håper å sjå fleire. Me ynskjer frå kyrkja si side å stimulera og leggja til rette for fleire grupper i tida som kjem.

Opp-fokus

Me skal ha blikka vendt mot Gud. I alt me gjer ynskjer me eit fokus «oppover».

Trua treng næring. Det skjer i vårt eige lønnekammer. Men det er og viktig at «me trur saman». Det er naudsynt å koma saman for å dela trua og fellesskap. Samfunnet blir meir og meir individualisert og trua kan og verta meir og meir heimesnekra. Med treng forkyning og vitnesbyrd frå andre, og Bibelen er

framleis Guds tiltale til oss. Opp-fokuset vil verta uttrykt ulikt om det er tale om gudsteneste, søndagsskule, husfelleskap, gravferd eller ungdomssamling, men er likevel det sentrale.

Eg vil retta ei stor takk til alle frivillige. På ulike arenaer er det mange som gjer ein stor og viktig innsats. Eit viktig perspektiv i ei slik teneste er at me kan hjelpa andre til å eit liv i tru og takk opp til Gud.



Viktig i tida som kjem

- Varierte og gode møteplassar for menneske i alle aldrar
- Utruste til teneste og vitnemål
- Oppfølging av dei mange frivillige
- Husfelleskap
- Utfordringane frå flyktningane og kyrkjesituasjonen etter Kyrkjemøtet i april.


“Me skal ha blikka vendt mot Gud”



Trusopplæring

- Ein ny leir er kome til, sidan den gamle 3.-4. klasseleiren no er delt i to leirar.
- Eit nytt trusopplæringstiltak for 6-åringar er skapingsvandringa «Gud såg at det var godt».

ved kyrkjelydspedagog Hogne Berland



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Nok eit år er til endes og vi kan sjå tilbake på eit fint år i barne- og ungdomsarbeidet vårt. Mange ungdommar er aktive i det kristne ungdomsarbeidet, vi har fleire nye tiltak i trusopplæringsarbeidet og vi har fått eit nytt team med heile fem personar. Mykje av arbeidet vårt mellom born og unge går sin gong år etter år. Det er det kontinuerlege, gode arbeidet vi skal satse på, samstundes som vi ikkje må vera redd for å tenkja nytt. Det er vanskeleg å skrive litt om alt, så i denne rapporten vil eg særskild trekke fram nokre høgdepunkt frå året.

Fem personar i teamet

Soknerådet vart før sommaren utfordra til å satse på fem personar i teamet då vi hadde fått inn mange gode søkarar. Det gjekk dei inn for og satsa på at dei frivillige gåvene ville auke nok til å dekke inn dei ekstra kostnadane. Det er inspirerende å sjå at det var nettopp dette som skjedde. Vi fekk eit flott nytt team denne hausten som har gjort ein flott jobb. Årets team er sett saman av Mildrid Brekke, Lovise Marlene Kristoffersen, Martin Jonas Hellesund Nakken, Øystein Sørstrønen Skarding og Tor André Rossnes. Mange ungdommar er aktive i det kristne ungdomsmiljøet og vi ser eit stort behov for leiarar i 20-åra. Nettopp difor er teamet er ein stor ressurs, særleg inn mot ungdomsarbeidet.

Mange unge medarbeidarar

Vi ønskjer å engasjere ungdomane til sjølv å ta ansvar. Fleire ungdommar har vore aktive både i gudstenester, som leiarar på barnelag og i styret på ungdomsklubbane Refuel og KRIK. På Plussklubben i Oen har vi til dømes med oss ein gjeng på 11 stykker som ruller på å vera med. Men særleg er det i leiararbeidet vi ser mange som ønskjer å delta. Sjølv med 8 leiarar i året og 6-8 unge leiarar på kvar leir, er det ikkje alle som får vera med. Om ein reknar saman alle som var engasjert i fjor kjem ein på over 50 ungdommar mellom 13 og 17 år. Dei fleste av desse er også svært aktiv på Gospel Teens, Refuel og KRIK.

Nye trusopplæringstiltak

- Ein ny leir er kome til, sidan den gamle 3.-4. klasseleiren no er delt i to leirar.
- Eit nytt trusopplæringstiltak for 6-åringar er skapingsvandringa «Gud såg at det var godt». Her får 6-åringane vandre gjennom dagane i skapinga og oppleva og sansa. Opplegget er kopla opp mot friluftsgudstenesta vi arrangerer i starten av juni.
- For ungdommar i vidaregåande alder har vi starta opp tiltaket K2pp (K-topp) som er ei oppfølging av K2 for 10. klassingar som starta i 2014. Her har vi med ein flott gjeng på 18 ungdommar som samlast i Blomvåg kyrkje ein gong i månaden for bibelundervisning, bøn, mat og leik.

KRIK

KRIK på Toftøy har dei siste åra meir eller mindre vore organisert frå kyrjekontoret, men frå i fjor har dei fått to nye vaksenleiarar som har teke over ansvaret, Steinar Konrad Blom og André Rong. Dette er vi svært glade og takksame for! Dei har også tidlegare vore svært aktive i KRIK. Dei gjer ein flott jobb og føl opp eit styre på fire ungdommar.

Bibelgrupper

Frå hausten finst det seks bibelgrupper med ungdommar frå Øygarden. Teamet driv to. Hogne Berland har ei. Arvid og Siv Helen Vik har ei kvar. Maria Vårvik som var i team fram til sommaren, studerer i Bergen no og har halde fram med ei gruppe. Vi har stor tru på bibelgrupper for ungdom og ønskjer meir av dette.

TAKK!

Det går føre seg mykje kristent barne- og ungdomsarbeid i kommunen. Til saman dannar alle barnelag, kor og ungdomsklubbar eitt breitt tilbod. Lat oss vera bevisst på og glade for at vi skal få jobba for same mål!

Vi vil retta ei stor takk til alle som bruker fritida si i kyrkje og på bedehusa for at ein ny generasjon born og unge skal få høyra den gode budskapen om at himmelen er open!



Mange unge deltek som leiarar m.a. på leirane i regi av kyrkja.

Leiarar

«Men særleg er det i leiararbeidet vi ser mange som ønskjer å delta som leiar. Sjølv med 8 leiarar i året og 6-8 unge leiarar på kvar leir, er det ikkje alle som får vera med. Om ein reknar saman alle som var engasjert i fjor kjem ein på over 50 ungdommar mellom 13 og 17 år.»



Kor og kyrkjemusikk

“Frå hausten av fekk eg hjelp av 1-2 frå teamet som m.a. tek seg av det sosiale i pausane og dei sit med barna under øvingane i Barnekantoriet. Det er ei god hjelp”.

ved kantor Anne Lise Grøm

Konsertar i kyrkjene

17.02 i Blomvåg: Salmekveld

25.03 i Blomvåg: Påskespel. Blomvåg skule

26.05 i Blomvåg: Konsert med Natalia Medvedeva på orgel og Maria Karpinets på obo. Straumen gjekk midt under konserten, så dei måtte nytta pianoet vidare. Takk og lov for at vi har akustisk piano i Blomvåg kyrkje!

10.12. i Blomvåg: Konsert med Rong brass

13.12. i Blomvåg: Vi syng jula inn.

Øygarden skulemusikkorps og kulturskulen deltok.

20.12. i Hjelme: Vi syng jula inn. Øygarden skulemusikkorps, Øygarden barnekantori, Øygarðskoret og kulturskulen deltok.

Ny salmebok

Vi tok i bruk ny salmebok 23.11.14 i Blomvåg med salmegudsteneste, og i Hjelme 25.11.14 med salmekveld. Kvelden var delt mellom song og salmehistorie frå den eldste tida og fram til N 2013. Vi har og hatt salmekveld i Blomvåg 17.02.15. Øygarðskoret deltok på begge salmekvel-



Øygarðskoret deltek i Hjelme kyrkje

dane og salmegudstenesta både som for-songarar og med eigen korsong. Det var viktig at dei var med. Vi har gått gjennom salmar – både nye og gamle- frå advent til og med pinse på dei to salmekveldane. Det har og vore eit innlegg om nye adventsalmar i soknebladet desember 2014. Målet er å gå gjennom resten av salmeboka.

Korarbeidet

Barnekantoriet: Frå hausten 2015, er øvingane på den nye Tjeldstø skule kvar tysdag kl.13.45-15.10. 15 born gjekk i koret i 2015. Av dei er ei frå Rong skule, som kom med i koret då vi flytta til Tjeldstø.

Frå hausten av fekk eg hjelp av 1-2 frå teamet som m.a. tek seg av det sosiale i pausane og dei sit med barna under øvingane. Det er ei god hjelp.

15 born gjekk i Barnekantoriet i 2015. Av dei, er ei frå Rong skule som kom med i koret då vi flytta til Tjeldstø. Her syng ei gruppe i ei gudsteneste.



Øygarðskoret hadde 10 medlemmer i 2015. Talet er minkande. Viss kyrkjelydane ønskjer å ha eit kyrkjekor vidare, må fleire støtta opp om arbeidet og koma seg ut av godstolen for å syngja med oss.

Gospelteens



Gospelteens er eit kor for born og unge i Øygarden Kommune frå 5 klasse og oppover. I 2015 har medlemmane vore både frå mellomsteget, ungdomsskolen og frå vidaregåande. Me synest det er flott å ha eit

tilbod som femnar mange aldersgrupper, der dei minste kan ha gode rollemodellar i dei eldste, og dei eldste får oppgaver som dei veiks på. I løpet av 2015 var det 65 stk. som var fast eller tidvis med i koret. I gjennomsnitt har det vore 30 stk. på øvingane våre i løpet av året. Medlemmane kjem frå heile Øygarden, frå Hellesøy i nord til Vik i sør. Dette synest me er kjempeflott, og medlemsauken tek me som eit teikn på at borna/ungdomane trivest, og at dei har funne eit miljø der det er godt å vera.

Gospelteens har framleis øvingar annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå kl. 17.30 til 19.30. Me startar alle øvingane med andakt og bøn, og øvingane vert avslutta med kveldsmat,

og ei sosial stund rundt bordet. Me hadde 10 øvingar i løpet av vårsemesteret og 9 øvingar i løpet av haustsemesteret

Leiinga i Gospelteens består av vaksen leiarane; Olaug Merete Rong, Gustav Landro, Åse May Solsvik Blom, Ranja Sjøstrøm, Hane Line Landro, Therese Dale og Kate Solsvik. I september 2015 valgte kormedlemmane inn to representantar frå koret som skal vera med i styret og det var Camilla Sjo og Matilde Solsvik.

Vårt håp og vår bøn er at borna/ungdomane i Gospelteens skal verta kjent med Jesus, knytte gode venskap og verta bevart i trua på Jesus.

Gospelteens v/ Kate Solsvik



Diakoni og omsorg

ved diakonimedarbeidar Bjørg Blom

Så er det tid for eit tilbakeblikk på 2015. Tilboda og aktivitetane innan diakoniarbeidet har halde fram som før.

Besøkstenesta

Nokre av dei me har besøkt har gått bort dette året, og nokre nye har kome til. Fleire frivillige er framleis med. Dei som ynskjer kontakt, får det ved besøk, eller via telefon av og til, om det er ynskjeleg. Den gode samtalen er viktig, og her er det både å gje og å få!

Eldretreffa

Det er eit stabilt og godt arbeid, med gode og trufaste, frivillige medarbeidarar! Desse gjer ein flott innsats! Frammøtet på samlingane har vore godt, både i Hjelme



og på Tednebyggane. Kjekt å få med brukarar inne på sjukeheimen og. Mange spennande gjestar har me hatt besøk av. Dessutan har me hatt 2 fellessamlingar i året som gjekk, i april, og juleavslutninga i desember. Ungdomsteamet var med oss på den siste, og det var til glede for alle!

Eldreturen

Den årlege bussturen gjekk til Modalen, med stopp i Knarvik og ved Hillesvåg Ullvarefabrikk. Deretter til Modalen og kyrkjader. Presten vår, Espen, var med oss, og hadde andakt. Med lokal guide fekk me så busstur oppover dalen, så langt som ein stor buss kunne koma! Me slutta av med velsmakande middag på Mobryggja restaurant. Stemninga var god, og alle tykkjest å trivast på turen!

Språksprell

«Som vanleg møtest me kvar måndag på Toftøy skule, saman med 20 innvandrarar, til samtale om dei mange ting som kan oppta oss i kvardagen. Målet er å la norskelevane bruka norsken sin i praksis! Fint å sjå at dei etter kvart vert meir integrerte i vårt lokale miljø»

Integrering

av *dei funksjonshemma*: I 2015 lukkast det ikkje å få til gudsteneste med denne gruppa, men planlegging er i gang for 2016.

Temakvelder/kurs etc

Forum for frivillige innviterte til kurs på Haukeland også i haust, der tema var: «Hvordan møte den som er annerledes enn meg på en god måte?». Her var det fokus på dei med innvandrarsbakgrunn. Me var fire frivillige som fekk med oss denne interessante kvelden. Elles har eg vore på fleire seminar og fagdagar i.l.a. året. Det har vore mykje fokus på flyktningane, deira helse og traumar, og korleis me møter dei i og utanfor kyrkja.

PDU-samarbeidet held fram som før.

Prep-kurs (samlivskurs)

Det vart ikkje avvikla høsten 2015, pga for få påmeldte. Me prøver igjen til hausten 2016.

Temakveld

11. november innviterte me til temakveld for heile prostiet, med særleg innvtasjon til lærarar og barnehagetilsette. Tema var *barn og ungdom i sorg og krise*.



Eldreturen 2015: Turleiarar i samtale

Foredragshaldar var psykolog Undis Bergås. Det vart ein svært interessant og lærerik kveld. Frmmøtet skulle me ynskt var betre, for eit så aktuelt tema!

Sorggruppe

Det vart innvitert til sorggruppe, både på temakvelden, på allehelgensgudstenesta, og elles via media og plakatar. Men påmeldinga var for liten til å starta opp grupper i haust. Me gjer nytt forsøk februar 2016.

Så er eg taknemleg for denne rike tenesta eg får vera ein del av. Eg helsar dykk alle med eit vers frå Joh.op.berring, 3, 11: «Eg kjem snart. Hald fast på det du har, så ingen skal ta frå deg sigerskransen!»



Nøgde turdeltakarar i 2015

Kommunikasjonskanalar

Kyrkja i Øygarden nyttar fleire kommunikasjonskanalar. ØyNytt er eit viktig medium for nå breitt ut i Øygarden. I tillegg vert Facebook og nettsida brukt aktivt. Det er kyrkjevevjerje Olav Martin Vik som er redaktør

for desse kommunikasjonssystema og som har det daglege redaktøransvaret. Babysong, småbarnssong m.fl. har egne Facebook-grupper. Brosjyrar vert nytta t.d. ved annonsering av leirar.



Relasjonsbygging og integrering

Kommunen, oss og flyktningane
- ØyNytt møtte representantar for Øygarden kommune for å snakka om integrering.

Sprang inn kr 98 000
- Sportskomitear og andre engasjerte sprang inn kr 98 000 til messjonen.

- 1 Verdas fretsar som flyktning
- 2 Kva ville Jesus gjort?
- 3 Julehelsing frå ordføraren
- 4 Soknerådet konstituert
- 5 Spelar for Jesus



Den norske kyrkja i Øygarden er på Facebook. Her vert det lagt ut informasjon om gudstenester, leirar, konsertar m. Aktivitetstilbod har egne FB-grupper.
Facebook: kyrkjaioygarden
Det er 247 følgjarar.



ØyNytt kjem ut med 6 nummer i året og vert fulldistribuert i Øygarden. Det er også abonnentar utanfor kommunen.

Leirbrosjyrar (t.h.)vert delt ut i klassane på skulane i Øygarden. Dette er ei effektiv kommunikasjonsform



www.kyrkja.no/oygarden

Kyrkja i Øygarden si nettside inneheld aktuell informasjon og kalender over alle kyrkjelege aktivitetar.

Tema

BABY OG SMÅBARNSSONG

Det er babysong i Blomvåg kyrkje annankvar måndag kl. 11-13. Der samlast 6-18 babyar frå 0-1 år + foreldre til ei songstund på ca. 30. min. Vi avsluttar alltid rundt lysgloben og ber ei barnebøn og syng velsigninga, før vi samlast rundt bordet til lunsj og prat.

Småbarnssongen er annankvar tysdag på ettermiddagstid kl. 17.30 – 19.00 i Blomvåg kyrkje. Der er born frå 1-3 år + foreldre. Og av og til har dei med litt eldre søsken som og vil vere med å syngje. Vi syng ein del barnesongar med bevegelser og små barneregler. Men plutselig får dei behov for å ta ei springeøkt eller å stupe litt kråke innimellom ☺ Kjekt å sjå når borna vert meir og meir med i songen for kvar gong. Songstunda varer ca. 30 min og vert avslutt i ring med barnebøn og velsigninga. Etterpå samlast vi rundt bordet til kvelds og prat. *Av Kari Sandøy Rong*



LEIARAR

Det er behov for vaksne leiarar til leirane i regi av kyrkja. Me har mange flotte unge leirleiarar, men treng også vaksne. Det er godt for miljøet på leiren.
Ring kyrkjekontoret tlf. 56382240 eller skriv til oss på e-post: kontor@kyrkja.net



TEAMET

Er ein svært viktig ressurs i alt barne- og ungdomsarbeid i regi av kyrkja og ein ressurs for andre som driv kristent barne- og ungdomsarbeid. Gåver til å halde oppe ordninga med teamet dekkja no i overkant av 50 % av lønsutgifta fellesrådet har med teamet. Teamet utgjør ca. 70 % stilling.

INTEGRERING

Kyrkjeleg tilsette er aktivt med på Språksprell i regi av kommunen. Språksprell er eit tilbod om måndagane til innvandrarak som går på vaksenopplæringa på Toftøy skule. Bjørg Blom, Anne Lise Grøm og Janesh Amenya frå kyrkja deltek på språksprell. Soknerådet og staben har til vurdering kva rolle kyrkja skal spela når det gjeld integrering og tilgang på ressursar i eit integreringsarbeid.



Samarbeid

Takk til alle som Den norske kyrkja i Øygarden har eit samarbeid med. Alt frå Øygarden kommune til lag og foreiningar som driv eit kristent arbeid. Med nokre er det eit omfattande samarbeid, illustrert under. Samarbeid om misjon er omtala på side 12. Takk til INRI for godt samarbeid om ungdomsklubben Refuel.



Skjergardsheimen

- er svært viktig for gjennomføring av alle leirane i regi av kyrkja.
- I 2015 var **255** born og unge frå Øygarden innom på leir på Skjergardsheimen.



Skjergardsheimen i 2015

- kr 4 286 000 i omsetning
- 47 medarbeidarar gjennom året
- 9978 overnattingsdøgn mot 9652 i 2014
- 5150 personar innom inkl. dagsbesøk

Hatten, 5336 Tjeldstø | Telefon: 56 38 25 10 | Epost: leirstad@skjergardsheimen.no



PLUSS

Plussklubben

Er ein kristen klubb for aldersgruppa 5.-8. klasse, driven av Oen bedehus og kyrkja i Øygarden.

Ungdomsklubben Refuel

Er lokalisert til forsamlinga INRI på Rong. Kyrkja er inne med personalressursar i denne klubben.

KRIK

KRISTEN IDRETTSKONTAKT



- Takk til frivillige medarbeidarar som driv søndagsskule i Blomvåg kyrkje og Hjelme kyrkje, under gudstenestene.

- Søndagsskolen er svært viktig i arbeidet med å gjera Jesus kjent for borna.



NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

Den norske kyrkja i Øygarden har eit godt samarbeid med NLM om ungdomsteamet.



Harald Berge Breistein

- har i mange år hatt som oppdrag å undervisa 5. klassane i Øygarden i "Vandring gjennom Bibelen for born". Dette gjer han kvart år. Nesten alle 5. klassingane vel å delta, etter utdeling av biblane.

Harald Berge Breistein har i mange år vore regionleiar NLM. No er han leiar i NLM-barnehagene AS.

Foto: Olav Martin Vik

Teamet er fast med på skulelaget sine samlingar på Øygarden ungdomsskule

LAGET



Øygarden kommune | *brubysgjaren*

Øygarden kommune er ein viktig samarbeidspartnar for Den norske kyrkja i Øygarden, ikkje minst økonomisk. I 2016 er kommunen si ramme til fellesrådet på kr 5 064 000.

Moment frå årsmøtet i 2015

Søndagsskularbeidet i Øygarden

-Det vart etterlyst fleire søndagsskular i Hjelme sokn.

-I samtalen vidare kom det fram at kyrkja burde engasjere seg i søndagsskularbeidet og ta eit initiativ til eit arbeidsmøte.

-Frå kyrkja si leining vart det presisert at kyrkja ikkje driv søndagsskular i Øygarden. Søndagsskulen i Hjelme kyrkje er initiert og driven av frivillige, men vert samstundes ein del av tilbodet som inngår i gudstenestene.

-Det vart og presisert at Søndagsskulen er ein sjølvstendig organisasjon med frivillige og løna medarbeidarar.

-Søndagsskulen er viktig for rekrutteringa til anna kristent barne- og ungdomsarbeid. Det er viktig at søndagsskulen når ut til «dei andre i bygda», ikkje berre dei som får t.d. tilbodet i kyrkja.

Restanse frå årsmøtet i 2015:

Øygarden sokneråd tek eit initiativ til eit møte for eventuelt å sjå korleis ein kan få etablert fleire søndagsskular i Øygarden.

Kyrkjelydsvekst og varme fellesskap ved Sogneprest Espen Tveten

-Til samtale
-Me er reserverte med å ta kontakt og inkludere nye menneske.
-I gudstenestene våre vert få gitt moglegheit til å delta aktivt.

Frå arbeidet i grupper:

- Me er reserverte, kjenner på «frykt» i møte med menneske.
- Redd for å gjera feil. Det er nokre som er gode på dette.


- Er med i gudstenestene.
- Øva oss på kvarandre
- Ikkje prata med alle me kjenner.
- Vera konkret og offensiv.
- Me trur det stemmer (påstandane)
- Har med norsk kultur.
- «Håpar andre skal helsa på»
- Nokon er elskverdig av natur. Når eg gjer det, vert det kunstig.
- Få eit spørsmål frå talarstolen til å diskutera under kaffien
- Kyrjekafé?



Tal og satsingsområde

Statistikk/tal for perioden 2009 – 2015 – kyrkjelege handlingar								
Type aktivitet	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2015 total
Døypete Blomvåg	34	19	34	27	31 (27)	43 (37)	33 (28)	54
Døypete Hjelme	9	27	17	4	16	11 (4)	19 (6)	
Konfirmantar Blomv	46	0	37	40	39	46	58	61
Konfirmant. Hjelme	13	59	14	10	15	15	11	
Vigde Blomvåg	10	2	17	9	11	13	11	14
Vigde Hjelme	5	7	3	1	1	1	1	
Gravlagt Blomvåg	26	8	19	38	20	36	24	53
Gravlagt Hjelme	10	31	13	18	8	17	16	
Innmelde total	1	1	2	1	2	5	0	
Utmelde total	5	5	4	4	0	6	11	
Gudsteneste søndag	63	59	62	65	66	85	58	
Andre gudstenest	17	17	17	11	16	2	14	
Nattverdsgudst.	38	36	39	42	44	37	39	
Gudst. delt. Blomv	5009	2990	4352	4999	5610	5556	5081	8109
Gudst. delt. Hjelme	2751	4058	2966	3100	3353	3838	3028	
Deltaking i snitt	97		92	106	109	108	112	
Nattverdsgj. Blomv	931	645	957	948	1448	930	1240	2280
Nattverdsgj. Hjelme	667	894	550	850	747	543	1040	
Offer Blomvåg	101369	88645	106702	98170	127757	127543	142369	252163
- Eige arbeid	23325	18139	23483	24351	119626	36101	38886	
Offer Hjelme	83376	87803	97172	100992	100689	117397	109794	
- Eige arbeid	20112	25242	20593	21033	93833	33420	37924	
Givarteneste/gåver	0	0	0	0	46800	104250	195000	
Utdelingar av bøker og biblar								
4 årsbok Blomvåg				42	46	35	41	
-Møtte i kyrkja				25	21	9	19	
4 årsbok Hjelme				10	7	8	10	
-Møtte i kyrkja				5	5	6	5	
5-årsbibel Blomvåg				41	43	52	39	
-Møtte på bedehuset				29	21	20	15	
5-årsbibel Hjelme				6	7	8	7	
-Møtte i kyrkja				5	5	5	5	
Alle 5. klassingar som ikkje reserverer seg får utdelt bibel								

Døypete: Tal i parantes er born frå eige sokn. Offer: Totaltal inklusive offer til eige arbeid.



Aktivitetar der tilsette i kyrkja er med - 2015

Type	Når	Tal deltakar	Drivar (med)
KRIK, Toftøy skule frå 8. klasse	Annankvar fredag	20-30	KRIK
K2, etter konf. tida	Ein gong i månaden	15	Kyrkja
K2opp, etter K2	Ein gong i månaden	18	Kyrkja
KRIK 18+, kul.huset	Annankvar tysdag	10	KRIK
Konfirmantar i 2015	Gjennom året	68	Kyrkja
Barnekantoret	Tysdagar	15	Kyrkja
Pluss-klubben, Oen bedehus 5-8 klasse	Ein onsdag i månaden	30-40	Oen bedehus Kyrkja
Skulelaget ØUS	Kvar torsdag	20-40	Laget
Refuel, ungd. klubb INRI, frå 8 kl.	Annankvar fredag	50-60	Refuel/INRI
AHAVA, Nautnes bedehus, ungd.kl.	Ein fredag i månaden	10-15	Nautnes bedehus
Gospel teens	Annankvar tysdag	40-50	Frivillige
Leiar, Skjerg.heim.	Gjennom året	255	Kyrkja
Babysong, Blomv.k.	Annankvar måndag	6-18	Kyrkja
Småbarnssong, Blomvåg kyrkje	Annankvar tysdag	8-18	Kyrkja
Eldretrøff i Hjelme	Ein gong i månaden	ca 25	Friv./kyrkja
Eldretrøff i Blomvåg	Ein gong i månaden	Ca 35	Friv./kyrkja
Øygardskoret	Kvar tysdag	10	Kantor/kyrkja

MISJON

I 2015 vart det signert 2 avtalar, ein med NMS og ein med IMI-kyrkja i Stavanger. Misjonsavtalane omfattar arbeid i Thailand, nærare bestemt Mukdahan i Nordaust-Thailand, der bildet er frå.



Her vert det drive eit lekmansarbeid. Mellom anna vert det halde seminar for unge og vaksne, slik at dei kan verta utrusta leiarar og gjennom det arbeidet inspirere enkeltmenneske til å bety noko i sitt nabolag. Arbeidet skal bidra til at menneske ser sine nådegåver og brukar dei.

Kyrkjelydane i Øygarden skal, som ein del av avtalane, samla inn til saman kr 60 000 pr år, fordelt på dei organisasjonane. Misjonsløpet som konfirmantane deltek i skal samle inn pengar akkurat til dette føremålet.



Visjon Flere sunnere menigheter

NaMu Norge vil gjøre flere menigheter sunnere. Det innebærer først og fremst å vitalisere eksisterende menigheter, men også å stimulere livskraftige menigheter til å etablere nye menigheter og sogn.

KYRKJELYDSBYGGING (NaMu)

er eit satsingsområde for soknerådet og kyrkjelydane. Gud gir vekst. Kyrkjelyden skal vere kyrkjelydsgartnarar. Me skal arbeida meir målretta, i samsvar med Guds ord og kall.

Det er ein komité som arbeider med temaet og det er også sak i soknerådet sine møte.

TRUSOPPLÆRING

Rekneskapstal 2015

Lønsutgifter inkl. teamet	-1 320 000
Materiell, utstyr	-93 038
Leirkostnader	-185 000
Betaling frå deltakarar	229 956
Trusopplæringsmidlar	597 000

- Tala viser kor viktig det er at folk gir til kyrkjelydsarbeidet mellom born og unge.
- I lønsutgiftene er også lønskostnader til andre i kyrkjestaben som tek del i trusopplæringsarbeidet.
- Felles kontorkostnader er ikkje med.

ØYNYTT

Rekneskapstal 2015

	Budsjett	Rekneskap
Kontingentar	71 000	80 270
Annonseinntekt	46 000	46 400
Distribusjon	-30 000	-44 758
Trykking	-85 000	-100 280
Sum	2 000	-18 368

Auke i porto. I 2015 vart det produsert 2 blad med 20 sider. Normalt vert bladet produsert med 16 sider. Forskjellen mellom 16 og 20 sider er kr 7 480, pr. blad.



TRUSOPPLÆRING

Lokalt legg ein no siste hand på verket med ein trusopplæringsplan. Planen har som mål å medverke til ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alle døypte i alderen 0-18 år. Planen er altså eit verktøy for å arbeida systematisk mot dei ulike aldersgruppene:

- Vekkje og styrke kristen tru
- Gi kjennskap til Gud
- Eit kristent liv
- Engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv.